Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39 | Fylke: V. Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Laudal
Emne: Høgtidsmat ved familie-festar | Bygdelag: "
Oppskr. av: T. K. Steinsland | Gard:
(adresse): Laudal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Grannar og skyldfolk kom alltid med mat til barselkoner

2. Dei kunne gjerne koma aleine. Men tidast gjekk dei fleire saman.

3. Ofte kunne dei samråda seg litt om „sendinga". Men vanleg gjorde kvar etter sin hug, og slik er det ennå.

4) For 50-60 år sidan var det så havt når barselkona kunne koma fort opp". Det skulla syna at kona var frisk og kraftig. 3-4 dagar i senga laut vera nok, og konene kom då ofte med „sending 3-4de eller femte dagen. Då var det bra om barselkona sjølv kunne ta mot „sendinga.

5. Berre ein gong skulle dei gå med sending. Sameleis er det nå.

6. For 50-60 år sidan hende det at gamle koner bruka gamaldags sending d.v.s dravle og pannekaker. Dravle laga dei slik: Söt mjölk i gryta, og når ho koka, så stökte" (eller „löypte dei med sur mjölk eller kinnemjölk d.v.s, dei

10043

slo noko sur mjölk oppi den kokande sötmjölka. Så „stökte da seg" d.v.s. dei blei „dravle" (myse og kvit ost. Men så gjekk dravle og pannekaker av bruk, og så blei det risgraut i plassen, ofte risgraut med fløyte i så han blei reint gul på let. Eg minnest godt i 1915 då eg budde på ein gard. Ei smagjenta kom til verda, og så blei det sendings graut (risgrauet) i massevis til heile husstyden i mange dagar.

7. Kvar ein gong skal ingen gå med sending.

8. Dravlen bar dei i spann eller i ei ringja (mjölkekar av tre med „hank" (handtak) i. Grauten bar dei i trekoller, eller og i „steinfat".

„Då grauten kom i bruk, brukte einskilde gamle koner å koma med han i ei stor trekolle, og så stult-le det stå ei skei oppi, gjerne ei fin treskei.

9) Den maten dei gav barselkona kalla dei „sending". Det kunne vera graut eller anna mat. Einskilde nyttar ordet „barselgraut

10. Kona i huset må gå med sending til barselkona. Er det noko strlegi vegen, kan ei dotter, eller eit anna närskyld kvinnfolk gå. Men, kona lyt gå, så sant det er råd.

11. Mannen skal ikkje vera med. Men det kan gå an at kona tek eit av borna t.d. ei lita gjente med seg.

12. Sendingskoner skal ha traktering, god kaffi, lefser og elles alt det beste huset formål".

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kalaset lyt vera like fint enten det er gut eller gjente. I gamal tid hende det nok at det blei gjort meir stas på guten, serleg på gardguten (den fyrstefödde)

14. Dersom send. konene ikkje får mat med same, gjer barselkona eit konelag" når ho kjem opp att. Slikt gjestebod kallast „konelag", men ikkje barnsöl

15. Å gå til ugifte mödre med sending blir svært lite brukt. Berre av nærskylde og helst i löynd.

16. For godt og vel 30 år sidan slutta ei kvar med risgraut til sending, men bruka svisken eller aprikosegraut i plassen. Andre bruka bløtkaker og ein og annan bruka blomar.

Svisken-aprik. graut kaker og blomar er nokså vanleg sending nå, og så dei aller siste åra har det og blitt slik at ein kan gje bruksting til den vesle, fine barneklede, ja også pengar, ei sylvskei eller ein annan fin ting. Ei av dei nærvaste i fam. gjer gjerne ei födselsskei" d.v.s. ei sylvskei med bilete av ei klokke som syner år - time minutt o.s.v. for födselen.

17. Dette med ei lita gåve til den vesle (a) trengst ikkje, men blir nokså mykje nytta nå, og har og vore nytta før. Eg t. d. fekk nokre sylvklumpar av grannekona då eg var nyfödd. Bestefar som var sylvsmid, laga klumpane til eit svarande fint klokkeband som eg

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

har gått mykje med. Nå har eldste son
min fått det, så det kan gå som erve-
sylv i ætta.

18. Nå til dags er det mange som gjev ei lita
gåve til „den lille" attåt sending til barselkona.

19. Dåpsgjestebod, barsel, har det vore så len-
-ge nokon kan minnast. For 50-60 år sidan
ville dei helst ha barselet noko snart, då
barnet var 3-4 gamall. Mange fleire små
-born döydde då enn nå, og difor ville dei
få dei „kristna" dei snarast råd. Born
som var til dåp, kalla dei kristneborn
(dial. „kristnebod.) Barsel var eit endå
större gjestebod før enn nå. For 50-60
år sidan laut skyldfolk og grannar be-
-dast, og så blei det gjestebod med god
heimemat. til middag kjötsuppe og
så seinare kaffi med lefse og kleinde
-lepse" (lefser med nyklinna smör
og skorduk" på. Skorduk = ei tjukk rand
med smör rundt kanten. Fyrst klinte
dei d.v.s. smurde godt, nyklinna smör
på „lepså". Så bretta dei ho saman
i to halvsirklar og smurde ei smör-
rand omlag 2 cm brei langs kanten




Så klypte dei opp i „lita"
(sektorar-slik  "

Til kvelds brukte dei gjerne risgraut
eller kveitemjölsvelling, i eldre tid bygg-
-velling. Dei ausle opp i mange store
fat og fleire åt av same fatet og duppa
i same „smöraua". Eg har vore med
på dette. Mange bryggja og maltöl
når det skulle vera barsel.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10043

 

21. I den tida hadde gjestene sending med t. d. kleinde lepse „gome" sötost, smör.
22 Ho som skulle „bera bådne", trong ikkje gje meir enn andre. Kar stod nokså fritt.
23) Nå er „barselan" meir likelil og friare. Meir avsides grender held ennå meir eller mindre på det gamle. Men sending treng ikkje gjestene ha. Det er slutt. Vil dei endeleg gje, så gjer dei gjerne ein liten ting eller nokre kroner til barnet. Sending har elles ikkje vore, så vanleg til barsel som til bryllup.
I sentrum og större grender brukar dei flesta nå å ha barsel berre med naraste skyldfolk. Det har og noko å seia at folk brukar færre faddarar (dåpsvitne) nå.

Før var tri mannfolk og to kvinnfolk. Nå er det to mannf. og to kvinner, og nå er ofte foreldra faddarar. På denne måten blir barselet meir likelil
Ordet barsel = dåpsfest. Så seier ein også om ei kone som skal föda eit barn til verda: Ho skal gjera barsel. Ho gjorde barsel o.s.v.

B

Födselsdag, årmålsdag, „geburdsdag":
I eldre tid blei ikkje födselsdagen feira. Då eg var med i folketeljinga 1910 raka eg fleire gamle som ikkje visste f. dagen sin. Eg er född ein mestid for jul, född ei veka etter „Maramös" og slik i den lei, svara dei.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men etter kvart har f. dagen kome til heider. Innan huslyden gjev svært mangt nå ei lita gåve til han (eller ho) som har f. dag og ein har gjerne som eit lite festmåltid saman. Framande bed ein ikkje inn til vanleg f. dag.
Anleis med borna. Dei har ofte eit lite f. dag kalas saman med beste leike-kameratane sine. Gjestene (dei innbedne borna) gjev små gåver til bursdagsbarnet. Så et dei kaker, drikk sjokolade, leikar og har det moro.

25. Ved runde tal 40-50-60 års-f. dag blir det nå meir og meir vanleg med eit ~~større~~ gjestebod. Ein bed vener og skyldfolk, og også ubedne gjester kan koma med lykkonsking.

27/
Bedne gjester gjev gåver, kvar for seg eller saman, og også ubedne gjester kan gje gåver. Dei blir då gjerne med i kalaset, eller og bedne inn seinare.

28-29)
Vanleg mat nå til slike store fødedagar er gjerne sjokolade og kaker særleg gjeld det om å få lykkagô" fin. Så skal det gjerne verå "bordtalar og så lagar ein songar som ein får prenta, og desse syng ein.
Men, det er kje alle som brukar prenta songar i slike høve. Det klagar seg med godt kalas og koseleg samvær.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Konfirmasjon

I eldre tid brukka dei ikkje gjestebod ved konfirmasjon. Men for omlag 50 år sidan tok ein og annan på med konf.-sjons gjestebod, og sidan har det blitt meir og meir vanleg.

31. Dei bed næraste skyldfolk og sumtid også næraste grannane. Lærar og prest blir gjerne bedne.

33. Sending brukast ikkje til konfirmasj-. Men gjestene gir gåver, pengar eller ting, kvar for seg eller fleire saman.

34. Berre bedne gjester gjev gåver. Men ubedne skyldfolk og vener sender gjerne gratulasjonskort som helsing. Det fyrste konf.-sjonsgjesteboda

kom i bruk, var det gjerne for fyrste, eller og for siste konfirmanten i barneflokken. Det var liksom mest „röranse" med desse.

35. Serlege retter er det ikkje til konfirma-sjon. Kvar steller etter sin smak.

D

## Bryllup.

36, Til for 50-60 år sidan blei det av og til halde „belestebna", festaröl. Men skikken var kje serleg fast her i bygda og nå har han gått av bruk.

38, For 30-40 års år 2 dagars bryllup det vanle-ge. Gjestene kom om morgonen til morgon-mad, kaffe, bröd, lefse, sus-ost o.s.v. og så etter vigsla var det middag,



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1. dag kjötsuppe med kaffi og kaker etterpå. 2. dag steik med dessert. Om ettermiddagen båe dagar kaffi og vanleg bryllupsmat. Om kvelden te.
I eldre tid var det sjeldan at nokon bruka steik. Då var det suppe (kjöt eller fleskesuppe fyrste dagen, og så bruka ein og annan lutefisk den andre. Om kvelden bruka dei gjerne velling eller risgraut.
Var det lang kyrkjeveg hende det at heile „brude" (fylgjet) blei innbede på vegen (heimvegen) til „mat og drakle" d.v.s. flatbröd, lefse og drakle. Seinare blei det kaffi istaden for drakle.

39/ Sending laut gjestene ha med og sendinga laut vera fin og stor. Skyldfolk gav gjerne mest, ein stor smöramber, mange kleinde lefse og eit fat sus var nöksa vanleg.
Til dette kom så pengane som dei laut gje i felå" (gje til spelemannen og "så gje i skålå" (gje til brudeparet" når dei åt siste måltidet.
Det var kostesamt med bryllup i gamal tid, kostesamt både for brudepar og gjester.

40. Brullupsmår måtte pyntast fint. Best var det å ha det i amber og så pressa det utkvota loket nedpå. Hadde ein det på talerk, laut ein mynstra det fint med ei treskei.

41/ Bemannen samla ikkje inn kjöt.

42. Det dei gav kallast „senning og blei bore fram av kona i den bedne husfyden

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

44. Sendinga kom dei med om morgonen, eller og kvelden før bryllupet. Men noko gjestebod med namn hadde dei ikkje nå.

46. Kokken stod for matstellet og kokinga. Å vera bryllupskokk var eit vanskeleg, men nokså ærefullt arbeid. Flinke kokker gjekk frå bryllup til bryllup, og dei ville helst ha övde folk som dei kjende med seg. Slik er det ennå. Pussekokk trengst og, det er ei, som gjer grovarbeidet, skreller pot. vaskar opp o.s.v.

Nå er det mest slutt med fleire-dagsbr. Ein dags br. er det nå, og folk ber kje sending lenger. Nå gjer gjestene "presangar", sylv eller andre bruksting, eller rett og slett pengar.

Mange brukar nå kveldsbryllup, d.v.s dei vigjer seg om ettermiddagen. Gjestene møter til kyrkja. Så feirer dei bryllup i heimen til frampå morgonsilla.

Berre få her held bryllup på hotell. Gjestene gjer i tilfelle presangar som i vanlege heimebryllup.

Ein og annan viggjer seg i byen, eller og på sokneprestens kontor utan å ha bryllup. For 10-20 år sidan tok ikkje så reint få del på denne måten.

Men nå går dei fleste i kyrkja og har bryllup, ein dags, eller kveldsbryllup, eller familiebr. d.v.s for dei mest nærskylde

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

51 Det blir ikkje halde fest på brul. dagen utan ved runde tal og da serleg ved sylv-gull bryllaup då dei fleste har eit kalas saman med skyldfolk og venner.

E.

## Gravöl

Når ein er död, varslar ein grannane og seier frå ~~frå~~ kva tid den döde skal leggjast i kiste. Det er så snart dei har fått ordna det med kiste og likklede.
For ömlag 40 sidan laga dei likkista heime kunne ta 2-3 dagar föi dei fekk liket i kista. Desse 2-3 dagane la dei gjerne den döde på ein benk eller på eit gamaldags stovebord (langbord)
Nå kjöper folk ferdiglaga likkister, så nå legg den döde i kista så snart dei har fått kista heim (1 dags tid, ofte endå snarare.
Eit par frå kvart grannelms, helst mannen og kona möter fram. Dei nevekelsar og går stille inn i romet der den döde ligg.
 For 40-50 år sidan var det skikk at nokre av næraste grannane skulle hjelpa til med å ta den döde or senga og i kista.
Nå er det slik at huset sine folk legg den döde i kista så dette arbeidet er unnagjort når grannane kjem.
Når så dei næraste saman med dei frammötte grannane er samla, syng ein ein salme (liksalme, avskilsalme) saman. Ein av skyldfolk eller grannar seier nokre minneord, eller

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10

eller held ei stutt andakt. Så ser alle på den döde liksom til eit siste far-vel. Så legg ein lokel på kiste, syng eit salmevers, handhelsar på husets folk og dei nærskylde til den avlidne og går stille heim. (Ingen bevertning nå)

50. Ein bemann går rundt i „grenna" (grend eller bedelag) er ein eller fleire gardar som er saman i likferdene og (tidligare også i bryllup og barsel) Store gardar kan vera delte slik at halve garden er eit „bedelag". Skyldfolk og venner som ikkje „bur i „grennå" blir nå bedne per brev.

53

For 50 år sidan kunne store gra-vøl vara eit par dagar.

Men det vanlege var då, som nå ein dags gravöl for folk i grenna, men fjerne, ja vanleg to dagar for skyldfolk.

50. Målmåla var morgonmat, middag (heimkomne frå kyrkja) kaffi og kveldsmat (nåttför, eller nottför i dial.)

Ein skulle og skal nå og eta ved langbord slik at så mange som råd er kan eta samstundes. Ein kjökemeister peikar ut plassen ved bordet, næraste skyldfolk i dei eldste i laget i fyrste „bordfaren" så sant det er råd. Kjökemeister styrer songen før og etter maten.

55–56. ?

57. Er det ikkje plass nok i heimen, kan ein ha gravölet („likforå" i dial.) i

10043
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til av grannehusa, eller i bedehuset eller skulehuset.

58 I eldre tid bar gjestene sending med seg når dei kom, eller dei sende ho dagen i førevegen. Kalas blei ikkje halde nå, men gjestene fekk gjerne mat og kaffi men liksom meir „i det stille.

Nå er det slutt med å bera sending. Men ennå brukar grannane å gje mjölk til gomen" (gummelgoe) og gjerne til bårdmjölk til sjölve „likfarsdagen, dersom det trengst.

61. Det var same slag mat enten den avlidne var ug. eller gift.

Var det barnegravöl „bånlikfar "så kunne ein del meir einfelt om det var ein vaksen.

Var det ein (ei) som var gamal i garen (hadde budd lenge i grenda) laut likferå gå etter gamal skikk så nöye som råd.

63) Her på Laudal gard held folk svært hardt på det gamle særleg når det var gamle som döydde. Heile garden skulle bedast og det skulle vera fullt gravöl med alle malmål (4) Suppe (kjötsuppe til middag.

Dette blei mykje arbeid, dyrt blei det, og stort husrom trengst det.

Så for 14-15 år gjorde alle seg einige om å ta det meir einfelt og likettil. Skyldfolk kan möta om morgonen. Men gardsfolk möter fram og „fyl" fylgjer til kyrkja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10043

12

Så er dei med att heim, og så skal alle ha mat, og det skal bare vera „kjurre mat" d. v. s. kaffi (og mjölk) bröd, lefser med sus og eller kaker (blötkaker). Så sit gjestene i heimen eit par timer eller så, og så er det far--vel og så heimveg.

63. For omlag 50-60 år sidan blei det slutt med heimelaga maltøl. Mange hadde slutta lenge før.

Ein og annan kjøpte litt „kjöpeöl"; men flest alle slutta heilt med alkohol i gravöl. Heimebrygging har halde seg lenger til bryllup enn til gravöl.

(Eg kan minnast ei likfor" i ei av grannebygdene. Der" var det brennevin og gjestene skulle drikka avskilds--dram. Så laut dei gjerne seia to tri ord. Ei sysler til den gamle som var död, tok drammen med desse orda: „Eg og — he vore mykje i hop — he vore jill'e for min del, farvel.

Det gjekk ikkje heilt bra i denne likforå". Ein av sönene til den dö--de stod for skjenken, og han blei full alt på vegen til kyrkja, og da kista var senka i grava, stanka han fram og ro--pa: Nå vil eg tala på far si grav." Dette blei for gale. Han blei teken så hardt av bror sin at han heldt munn og var glad han slapp med det. Denne hendin--ga sette stökk i mange. Dei skjöna det var best å ikkje ha alkohol i likferder.

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

66. Ein nyttar ikkje alkohol i gravferder nå.

67. Hotell har vi ikkje i bygda. Men vi har bra losjihus (herberge), og det er kje så reint sjeldan at ein har bevertninga der. I slike tilfelle møter gjestene opp i (ved) heimen, fylgjer til kyrkje og så går heile fylgjet til dekka bord i losj.huset (i den store salen hjå Kjøpm. Jörgen Skurland, Lånd.) Ein får eitt måltid mat, kaffi og god mat serivert i ein „sal", stort rom som også nyttast når det er ting).

68. Ein skall helst be munnleg til likferd. Men let dette seg ikkje gjera ved ein skriftleg.

Slik har det vore så lenge eg kan minnast. Eg trur nok ein kan seia at det nå er omlag 50 år sidan folk tok til å lysa dödsfall i blåda.

(Dei „så kalla bedre folk byrja - og så kom fleire til å ta etter, til det nå er vanleg).

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nyje festar.

70 17. mai er festdag. Men nokon sers matrett for dagar ein ikkje.

Morsdagen blir ~~flesre~~ feira av fleir og fleir slik at borna gjev gaver til mor og „oppvarter" heime den dagen. Det er berre 5–6 år sidan at dette tok til.

72. Ikkje så mange feirer farsdagen. Men, flokken aukar.

73.

Gåver og kaker (blôtkaker eller kringle) er noksä vanlege til mors og farsdag og oftast blir det laga heime.

75. Mors og farsdagen blei kjend gjennom blad og radio.

10043

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING